HORNINDAL KOMMUNE

VOLDA KOMMUNE

# MØTEINNKALLING

**Utvalg:** **Fellesnemnd for nye Volda kommune**
**Møtestad:** **Kommunestyresalen, Kommunehuset Smia**
**Dato:** **01.02.2018**
**Tid:** **14:00**

Medlemar som er ugilde i ei sak vert bedne om å gje melding, slik at varamedlemar kan bli kalla inn. Jf. § 8, 3. ledd i forvaltningslova.

Vi ber om at forfall vert meldt til dei respektive servicekontora i Hornindal og Volda.

Varamedlemar får saksdokumenta førebels berre til orientering. Dei får særskilt melding når dei skal møte.

HORNINDAL

VOLDA KOMMUNE

# SAKLISTE

| **Saksnr.** | **Sak** |
|---|---|
| PS 1/18 | **Godkjenning av innkalling og sakliste** |
| PS 2/18 | **Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte** |
| PS 3/18 | **Møteplan Fellesnemnda 2018** |
| PS 4/18 | **Forankring av delegert mandat frå Fellesnemnda - Temakomité for nytt kommunenamn og heraldikk** |
| PS 5/18 | **Omstillingsvtale ved kommunesamanslåing** |
| PS 6/18 | **Orienteringssaker** |
| OS 1/18 | **Status kulturbyggingsgruppa, v/Odd Harald Sundal** |
| OS 2/18 | **Orientering om interkommunalt samarbeid** |
| OS 3/18 | **Oversendingsframlegg fellesnemnda - Årsbudsjett 2018 - Økonomiplan 2018-2021 – kulturadministrasjon** |
| OS 4/18 | **Oversendingsframlegg frå Volda formannskap 16.01.18 til Fellesnemnda for nye Volda kommune – språkkommune** |
| OS 5/18 | **Bjørke og Nye Volda** |
| OS 6/18 | **Vedtak om grensejustering mellom kommunane Stryn og Hornindal - Kjøs og Maurset** |
| OS 7/18 | **Nytt kommunenummer i nye Volda kommune - Nye kommune- og fylkesnummer fra 1. januar 2020** |
| OS 8/18 | **Forskrift om samanslåing av Hornindal kommune og Volda kommuner til Volda kommune er fastsett** |

**PS 1/18 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**PS 2/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

HORNINDAL KOMMUNE

VOLDA KOMMUNE

# SAKSDOKUMENT

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | Sonja Håvik | Arkivsak nr.: | 2017/1149 |
| | | Arkivkode: | 033 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 3/18 | Fellesnemnd for nye Volda kommune | 01.02.2018 |

## MØTEPLAN FELLESNEMNDA 2018

**Administrasjonen si tilråding:**

**Møteplan for Fellesnemnda nye Volda kommune 2018:**

*16. april, 7. mai, 18. juni, 27. august, 29. oktober og 3. desember.*

*Møtestart kl. 14.00.*

**Samandrag av saka:**
Ein tek sikte på å halde møte om lag ein gong i månaden, med unntak frå september og november. Møtestad vert annankvar gong i Volda og Hornindal.

**Utskrift av endeleg vedtak:**
Volda kommune; melding formannskapet
Hornindal kommune; melding formannskapet

HORNINDAL KOMMUNE

VOLDA KOMMUNE

# SAKSDOKUMENT

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | Joakim Rødven | Arkivsak nr.: | 2017/123 |
| | | Arkivkode: | 033 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 4/18 | Fellesnemnd for nye Volda kommune | 01.02.2018 |

## FORANKRING AV DELEGERT MANDAT FRÅ FELLESNEMNDA - TEMAKOMITÉ FOR NYTT KOMMUNENAMN OG HERALDIKK

**Administrasjonen si tilråding:**

**Fellesnemnda vedtek delegert mandat for Temakomité for nytt kommunenamn og heraldikk som det ligg føre i saksutgreiinga.**

**Vedleggsliste:**

1. Vedtak i sak PS10/17 frå Mellombels fellesnemnd Nye Volda kommune
2. Pressemelding: Endringer i kommuneloven og lov om flagging på kommunale bygninger (forenkling av regelverket for kommunevåpen og kommuneflagg)

**Uprenta saksvedlegg:**

1. Prop. 157 L (2016–2017): Endringer i kommuneloven og lov om flagging på kommunale bygninger (forenkling av regelverket for kommunevåpen og kommuneflagg). Lenke til Stortingets utgreiing av saka.

**Samandrag av saka:**

Før den endelege fellesnemnda vart oppretta gjorde dei respektive kommunestyra i Hornindal og Volda vedtak om å oppnemne medlemmer til Temakomiteen for nytt kommunenamn og heraldikk – samt retningsliner for mandat. Sett i lys av at Stortinget 11. desember 2017 gjorde

vedtak om å endre prosedyrane for handsaming av nye kommunevåpen og -flagg, så er det formelt rett at dette vedtaket vert forankra i den endelege Fellesnemnda. Kommunestyra i Hornindal og Volda har såleis heller ikkje har vedtaksmynde for samanslåingsprosessen etter at Fellesnemnda konstituerte seg sjølve 20. juni 2017.

**Saksopplysningar/fakta:**
Mellombels fellesnemnd handsama 9. mars 2017 sak PS 10/17 der det vart oppnemnd ein temakomité for nytt kommunenamn og heraldikk. Etter innstilling frå Hornindal kommunestyre (PS 006/17) og Volda kommunestyre (PS 21/17) vart Jon Tvinnereim (leiar), Odd Arne Folkestad, Kari Hasle, Rolf Taraldset og Siv Madeleine Kristensen valde til å sitje i komiteen.

Temakomiteen fekk der følgjande bestilling frå dei to kommunestyra:

***«1. Heraldikk/namn:***
*Fellesnemnda må ta stilling til om det skal vere same komité som skal arbeide både med heraldiske spørsmål og med namnespørsmålet. Ein vil frå administrasjonen si side rå til at det er same temakomité.*

*Komiteen skal fremje framlegg om heraldisk profil og kommunenamn for den midlertidige fellesnemnda som så sender sakene over til dei respektive kommunestyra for vidare handsaming. Rådmennene peikar ut sekretariat for komiteen.*

***Kommunenamn:***
*Det er ikkje teke stilling til kva namn den nye kommunen skal ha. Ein ser at det er viktig å få dette på plass så snart som mogleg. Dette handlar om felles identitetsbygging fram mot samanslåinga i 2020. I kommunelova § 3. 3 vert det slått fast at endring i kommune namn skal avgjerast av Kongen. Før slik avgjerd vert teken, skal det ligge føre uttale frå dei involverte kommunane.*

*Komiteen må ta stilling til korleis dei vil legge opp arbeidet som skal føre fram til ein søknad om endra/nytt kommunenamn. Komiteen skal rapportere til fellesnemnda og gjev si tilråding til dei respektive kommunestyra innan utgangen av 2017.*

***Heraldikk:***
*Komiteen må hente inn vegleiing frå Riksarkivet, og ta stilling til korleis ein skal arbeide med saka. Riksarkivet er rådgjevande instans både for kommunane og for departementet i slike saker. Etter at kommunen har kome fram til motiv, har fått utarbeida originalteikningar av våpenet og dette har blitt handsama i kommunestyra, vert det sendt søknad om godkjenning av kommunevåpen og flagg til Kommunal- og moderniseringsdepartementet via fylkesmannen.*

*Kommunevåpen bør vere eit tydeleg og samlande symbol for kommunen. Ordførarkjede bør utformast med utgangspunkt i kommunevåpenet. Dette bør vere klart innan samanslåinga er eit faktum.*

*(Kommunal- og moderniseringsdepartementet har sendt på høyring eit framlegg til forenklingar i regelverket for kommunevåpen og kommuneflagg.*

*I høyringsnotatet foreslår departementet at kompetansen til å fastsette kommunevåpen og kommuneflagg vert lagt til det enkelte kommunestyret. Departementet føreslår at reglar om fastsetting av kommunevåpen skal inngå i kommunelova. Det er vidare framlegg om å oppheve lov om flagging på kommunen sine offentlege bygningar. Dette inneber at det ikkje lenger vil vere noko krav om godkjenning av Kongen for å kunne nytte kommunevåpenet i eit*

*kommuneflagg. Frist for innspel til høyringa er sett til 15. mars 2017).*

*Komiteen skal rapportere til fellesnemnda og ferdigstiller framlegg innan utgangen av 2017.»*

Temakomiteen har så langt følgd sitt delegerte mandat etter kommunestyrevedtaka i dei respektive kommunestyra, og har til i dag levert følgjande:

1. **Nytt kommunenamn –** Innstilling til nytt kommunenamn vart 18. mai 2017 levert til leiaren av Fellesnemnda, Stig Olav Lødemel. Innstillinga vart seinare teken til følgje og namnet vert «Volda».

2. **Nytt kommunevåpen –** Innstilling til nytt kommunevåpen vart 16. november 2017 levert til Fellesnemnda.

Vidare står det att ein prosess på nytt ordførarkjede.

Stortinget gjorde 11. desember vedtak i sak om «Endring av kommuneloven og lov om flagging på kommunebygninger» på bakgrunn av prop. 157 L (2016-2017). Dette vedtaket gjer at kommunane sjølve får bestemme kommunevåpen og kommuneflagg utan godkjenning frå Statsråd. Ifølgje kommunal- og moderniseringsministeren vil dette føre til færre byråkratiske prosessar og auka sjølvstyre i kvar enkelt kommune, ettersom forslag til nye kommunevåpen no ikkje lenger skal godkjennast av Kongen i statsråd.

**Vurdering og konklusjon:**
For å sikre at Temakomiteen sitt mandat har god og dekkande forankring i Fellesnemnda si delegering, bør det fattast eit prinsipielt vedtak som stadfestar komiteens mandat for attståande arbeid. Dette også med tanke på endringane i lovverket som gjer at saksprosedyrane vert monaleg enklare å rette seg etter.

Sjølv om kommunane no står fritt til å velje eige kommunevåpen og heraldisk profil, vurderer administrasjonen at det er viktig at prosessen er i tråd med god heraldisk skikk også i det vidare arbeidet. Med utgangspunkt i det eksisterande mandatet, tildelt av dei to kommunestyra, føreslår administrasjonen at oppdatert mandat som skissert under vert lagt til grunn for attståande arbeid. Mandat til nytt kommunenamn er utelatt i dette høvet, då dette arbeidet allereie er fullført.

Heraldikk:
Komiteen bør hente inn vegleiing frå heraldiske fagpersonar i utforminga av ny profil, og bør også samarbeide tett med forslagsstillaren av det alternativet Fellesnemnda vedtek som nytt kommunevåpen. Riksarkivet er ikkje lenger rådgjevande instans i slike saker, men skal har oversikt over alle Noregs kommunevåpen og bør dermed rådførast med for å unngå at Nye Voldas kommunevåpen kan forvekslast med allereie eksisterande kommunevåpen.

Etter at Fellesnemnda har kome fram til endeleg motiv for nytt kommunevåpen, har komiteen mynde til å gå vidare med utarbeiding av det endelege kommunevåpenet på bakgrunn av originalteikningane som vart presentert for Fellesnemnda i møte 16. november 2017. Det endelege kommunevåpenet bør vere eit tydeleg og samlande symbol for den nye kommunen.

Ordførarkjede bør utformast med utgangspunkt i kommunevåpenet. Komiteen vert oppmoda til å tileigne seg idear og forslag frå profesjonelle konsulentar eller andre fagpersonar for å designe/utforme kjeda. Innbyggjarmedverknad med teiknekonkurransar kan vurderast om komiteen finn dette ønskjeleg. Innstilling til nytt ordførarkjede bør presenterast for

Fellesnemnda seinast hausten 2019. Det endelege produktet bør vere klart innan samanslåinga er eit faktum.

Ved eventuelle anbod i prosessen med å utforme/ferdigstille kommunevåpenet og ordførarkjeda skal dette skje gjennom administrasjonen, ettersom det vert formelt sett vert rett.

Fellesnemnda kan også vurdere om administrasjonen skal prioritere å setje inn ein administrativ sekretærressurs, eller om komiteen skal halde fram med eksisterande organisering.

**Utskrift av endeleg vedtak:**
Temakomite for nytt kommunenamn og heraldikk
Prosjektleiar, Nye Volda
Kommunikasjonsrådgjevar, Nye Volda

Notat frå Temakomite for nytt kommunevåpen og heraldikk

Til Fellesnemnda for Nye Volda kommune

Volda 12.012018

# **Vidare arbeid i Heraldikknemnda**.

Leiaren i Fellesnemnda for Nye Volda, Stig Olav Lødemel, bad 10.01.18 leiaren i Temakomite for nytt kommunevåpen og heraldikk (heretter kalla Heraldikknemnda) ta opp spørsmålet om korleis nemnda ser for seg vidare arbeid med kommunevåpen og ordførarkjede.

Han opplyste at administrasjonen i Nye Volda på møtet 02.02.18 vil leggje fram ei sak om vidare arbeid i Heraldikknemnda. Han understreka at det er viktig og naudsynt at det vidare arbeidet til Heraldikknemnda vert forankra i politiske vedtak i Fellesnemnda. Slik situasjonen er no, er forankringa gjort i dei to kommunestyra.

I møtet i Heraldikknemnda 11.01. vart spørsmålet drøfta. Ein vart samde om å foreslå følgjande framdriftsplan for arbeidet:

1. Når det gjeld **kommunevåpen for Nye Volda**, viser vi til konklusjonen og tilrådinga frå Heraldikknemnda som vart lagt fram i møtet mellom Fellesnemnda og Heraldikknemnda i Smia, Hornindal, 16.11.2017. Punkt 4 i i tilrådinga til Fellesnemnda var slik*:*
   *Når vinnar er kåra, får Komitéen fullmakt til – i samråd med vinnar og heraldisk rådgjevar – å gjere justeringar i vinnarforslaget.*

   Etter det vi veit, er dei to kommunestyra orienterte om rapporten og tilrådinga frå Heraldikknemnda. Det naturlege er etter vår vurdering at nemnda følgjer opp arbeidet med justering av vinnarforslaget så snart som mogleg i samsvar med punkt 4 sitert ovanfor. Til slutt legg nemnda fram sitt endelege forslag for Fellesnemnda.
2. Når det gjeld arbeidet med utforming av **ordførarkjede**, har ikkje Heraldikknemnda fått retningslinjer frå Fellesnemnda utover stadfesting av at dette er ein del av oppgåvene til Heraldikknemnda.

   Vi ser for oss slik framdrift av arbeidet med ordførarkjeda:
   Heraldikknemnda utarbeider forslag til ordførarkjede i samarbeid med person(ar) som har høg kompetanse på slikt arbeid. Nemnda tek stilling til korleis ein meiner kjeda bør vere, kva motiv ein skal ha på medaljongane i kjeda, storleiken på desse m.m.. Før handsaming i Fellesnemnda kan nemnda syte for å få teikna ut dei aktuelle motiva. Heraldikknemnda legg til slutt fram for Fellesnemnda eit forslag til ordførarkjede for Nye Volda før det blir ferdiglaga av fagfolk på området.

3. Heraldikknemnda avventar elles retningslinjer frå Fellesnemnda for det vidare arbeidet i Heraldikknemnda både med kommuenvåpenet og ordførarkjeda.

**Møtereferat 15**

**Komitéen for nytt kommunenamn og heraldikk**

Møtestad: Volda rådhus
Tid: torsdag 11.02. kl 19.00 – 121.00

Til stades:
Jakob Helset
Kari A. Hasle
Siv Madeleine Kristensen
Rolf Taraldset
Jon Tvinnereim

Forfall: Odd A. Folkestad

1. Godkjenning av innkalling.
2. Sak: Ordførarkjede for nye Volda kommune
3. Notat til Fellesnemnda om framdriftsplan for arbeidet med kommunevåpen og ordførarkjede i Heraldikknemnda.

…………………………………………………….

1. Ingen merknad til innkalling til møte

2. Begge dei to noverande ordførarkjeda var henta inn til møtet, og medlemmane diskuterte korleis det nye bør vere:
   a. Det var semje om at ordførarkjeda for Hornindal bør vere mønster for den nye kjeda. Storleik. form og farge på medaljongane på honndalskjeda vart nemnde som mønstergyldige.
   b. Det bør innhentast forslag til motiv på dei 6-8 medaljongane på den nye kjeda. Desse symbola bør symbolisere og avspegle viktige trekk ved næringsliv og kulturliv i Nye Volda. Fleire av motiva på dei to noverande kjeda vil høve godt i den nye kjeda fordi symbola passar for heile Nye Volda (t.d. båt, høvel osb.)

3. Notat til Fellesnemnda blir utforma av leiaren og sendt til kommentarar til medlemmane. Det ferdige notatet blir sendt til Fellesnemnda v/ Stig Olav Lødemel.

4. Neste møtet i Heraldikknemnda blir ei tid etter møtet i Fellesnemnda 2.02.18. Dette møtet blir halde i Smia, Grodås.

Referent

Jon Tvinnereim

# VOLDA KOMMUNE
## Servicekontoret

«MOTTAKERNAVN»
«KONTAKT»
«ADRESSE»
«POSTI «POSTSTED»
»

| Arkivsak nr. | Løpenr. | Arkivkode | Avd/Sakshandsamar | Dato |
|---|---|---|---|---|
| 2016/1981 | 3305/2017 | 000 | SVK/ SONHAV | 10.03.2017 |

**MELDING OM POLITISK VEDTAK - OPPNEMNING AV TEMAKOMITE FOR NYTT KOMMUNENAMN OG HERALDIKK**

Vi melder med dette frå at Mellombels fellesnemnd for Volda og Hornindal kommunar den 09.03.2017, hadde føre ovannemnde som sak 10/17, der det vart gjort slikt vedtak:

1. ***Førebels fellesnemnd oppnemner følgjande medlemmar i temakomite for nytt kommunenamn og heraldisk profil:***

   ***Leiar: Jon Tvinnereim.***
   ***Medlemmar: Kari Hasle, Odd A. Folkestad, Rolf Taraldset og Siv Madeleine Kristensen***

2. ***Komiteen skal legge fram framlegg til nytt kommunenamn for den førebelse fellesnemnda innan 1. juni 2017.***
3. ***Komiteen skal legge fram framlegg til ny heraldisk profil for fellesnemnda innan 15. oktober 2017.***
4. ***Førebels fellesnemnd legg til grunn at komiteen sikrar brei innvolvering frå dei respektive kommunane i arbeidet.***
5. ***Rådmennene peikar ut sekretariat for komiteen.***

Sakutgreiinga følgjer vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Sonja Håvik
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Postadresse:
Stormyra 2
6100 Volda
postmottak@volda.kommune.no
Telefon:
Telefaks:
70058701
www.volda.kommune.no
Org. nr:
939 760 946
Bankgiro:
3991.07.81727

# SAKSDOKUMENT

| Sakshandsamar: | Ann Kristin Langeland | Arkivsak nr.: | 2016/1981 |
|---|---|---|---|
| | | Arkivkode: | 000, &20 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 10/17 | Mellombels fellesnemnd for Volda og Hornindal kommunar | 09.03.2017 |

**OPPNEMNING AV TEMAKOMITE FOR NYTT KOMMUNENAMN OG HERALDIKK**

## Handsaming:

Kommunestyrevedtak PS 21/17 frå Volda kommune og PS 006/17 frå Hornindal kommune vart delt ut i møtet.

Kommunestyrevedtak Volda kommune 02.03.2017, PS 21/17:

*Leiar Jon Tvinnereim.*
*Heraldikk/namn – frå Volda kommune:*
*Kari Hasle og Odd A. Folkestad.*

Kommunestyrevedtak Hornindal kommune 02.03.2017, PS 006/17:

1. *Rolf Taraldset*
2. *Siv Madeleine Kristensen*

Jørgen Amdam kom med framlegg om Jon Tvinnereim som leiar.

**Røysting**:

Tilrådinga frå administrasjonen, kommunestyra og framlegget frå Jørgen Amdam, vart samrøystes vedteken.

## Vedtak i Mellombels fellesnemnd for Volda og Hornindal kommunar - 09.03.2017

1. ***Førebels fellesnemnd oppnemner følgjande medlemmar i temakomite for nytt kommunenamn og heraldisk profil:***

   ***Leiar: Jon Tvinnereim.***
   ***Medlemmar: Kari Hasle, Odd A. Folkestad, Rolf Taraldset og Siv Madeleine Kristensen***

2. ***Komiteen skal legge fram framlegg til nytt kommunenamn for den førebelse fellesnemnda innan 1. juni 2017.***
3. ***Komiteen skal legge fram framlegg til ny heraldisk profil for fellesnemnda innan 15. oktober 2017.***
4. ***Førebels fellesnemnd legg til grunn at komiteen sikrar brei innvolvering frå dei respektive kommunane i arbeidet.***
5. ***Rådmennene peikar ut sekretariat for komiteen.***

**Administrasjonen si tilråding:**

1. *Førebels fellesnemnd oppnemner følgjande medlemmar i temakomite for nytt kommunenamn og heraldisk profil:*

   *Leiar:*
   *Medlemmar:*
2. *Komiteen skal legge fram framlegg til nytt kommunenamn for den førebelse fellesnemnda innan 1. juni 2017.*
3. *Komiteen skal legge fram framlegg til ny heraldisk profil for fellesnemnda innan 15. oktober 2017.*
4. *Førebels fellesnemnd legg til grunn at komiteen sikrar brei innvolvering frå dei respektive kommunane i arbeidet.*
5. *Rådmennene peikar ut sekretariat for komiteen.*

**Sakstilfang**

Lov om stadnamn (stedsnavnloven)

Forskrift om skrivemåten av stadnamn

Rettleiing til forskrift om skrivemåten av stadnamn

**Saksopplysningar**
I prosessen med å bygge ny Volda/Hornindal kommune har ein starta arbeidet med prosjektplan, milepelsplan og med dei administrative kartleggingane av status innanfor dei ulike fagområda i dei to kommunane.

I samband med dette er det behov for å etablere ein temakomite som skal arbeide med heraldikk og namn på den nye kommunen.

Det er fellesnemnda som skal oppnemne dei ulike komiteane etter framlegg frå dei respektive kommunestyra.

Kommunestyra sine framlegg til kandidatar vert vedteke 1. mars i Hornindal og 2. mars i Volda.

**Vurdering**

Fellesnemnda er samde om at det skal vere same komiteen som arbeider med både heraldikk og namnespørsmålet.

Komiteen skal såleis fremje framlegg om heraldisk profil og kommunenamn for den midlertidige fellesnemnda som så sender sakene over til dei respektive kommunestyra for vidare handsaming. Komiteen skal ha 5 medlemmar, to frå kvar av kommunane, samt ein leiar som ordførarane peikar ut.

Rådmennene peikar ut sekretariat for komiteen.

Kommunenamn:
Det er ikkje teke stilling til kva namn den nye kommunen skal ha. Ein ser at det er viktig å få dette på plass så snart som mogleg. Dette handlar om felles identitetsbygging fram mot samanslåinga i 2020. I kommunelova § 3. 3 vert det slått fast at endring i kommunenamn skal avgjerast av Kongen. Før slik avgjerd vert teken, skal det ligge føre uttale frå dei involverte kommunane.

Det er frå styringsgruppa si side eit ynskje om at følgjande framdriftsplan vert lagt til grunn for arbeidet:

Komiteen skal levere si tilråding til den førebelse fellesnemnda før 20. mai 2017, slik at den kan sende saka vidare til handsaming i eit felles kommunestyremøte for Volda og Hornindal (planlagt til 1. juni 2017). Saka vert drøfta i felles kommunestyremøte før saka går vidare med tilråding til dei respektive kommunestyra si handsaming medio juni. Saka går vidare frå kommunestyra til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, som så sender saka vidare til avgjerd i Kongeleg resolusjon hausten 2017.

Komiteen må ta stilling til korleis dei vil legge opp arbeidet som skal føre fram til ein søknad om endra/nytt kommunenamn. Det er viktig at komiteen legg opp til brei involvering i begge kommunane, og at ein syter for engasjement kring saka.

Heraldikk:
Kva gjeld heraldisk profil, så bør komiteen ta fatt i dette arbeidet parallelt med arbeidet med kommunenamn. Komiteen må hente inn vegleiing frå Riksarkivet, og ta stilling til korleis ein skal arbeide med saka. Riksarkivet er rådgjevande instans både for kommunane og for departementet i slike saker. Etter at kommunen har kome fram til motiv, har fått utarbeida originalteikningar av våpenet og dette har blitt handsama i kommunestyra, vert det sendt søknad om godkjenning av kommunevåpen og flagg til Kommunal- og moderniseringsdepartementet via fylkesmannen.

Kommunevåpen bør vere eit tydeleg og samlande symbol for kommunen. Ordførarkjede bør utformast med utgangspunkt i kommunevåpenet. Dette bør vere klart innan samanslåinga er eit faktum.

(Kommunal- og moderniseringsdepartementet har sendt på høyring eit framlegg til forenklingar i regelverket for kommunevåpen og kommuneflagg.
I høyringsnotatet foreslår departementet at kompetansen til å fastsette kommunevåpen og kommuneflagg vert lagt til det enkelte kommunestyret. Departementet føreslår at reglar om fastsetting av kommunevåpen skal inngå i kommunelova. Det er vidare framlegg om å oppheve lov om flagging på kommunen sine offentlege bygningar. Dette inneber at det ikkje

lenger vil vere noko krav om godkjenning av Kongen for å kunne nytte kommunevåpenet i eit kommuneflagg. Frist for innspel til høyringa er sett til 15. mars 2017).

Komiteen bør vere ferdig med arbeidet knytt til heraldisk profil innan 15. oktober 2017.

Regjeringen.no

# Kommunene får selv velge kommunevåpen og kommuneflagg

Pressemelding | Dato: 15.12.2017 | Kommunal- og moderniseringsdepartementet (http://www.regjeringen.no/no/dep/kmd/id504/)

– Det er gledelig at kommunene selv skal få bestemme kommunevåpen og kommuneflagg. Den nye loven styrker lokaldemokratiet og fjerner unødvendig byråkrati, sier kommunal- og moderniseringsminister Jan Tore Sanner.

Stortinget vedtok enstemmig 11. desember 2017 Endringer i kommuneloven og lov om flagging på kommunale bygninger (forenklinger i regelverket for kommunevåpen og kommuneflagg) (https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Saker/Sak/?p=69222), på bakgrunn av Prop.157 L (2016–2017) (http://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-157-l-20162017/id2557810/) . Loven er i dag sanksjonert av Kongen i statsråd.

– Regjeringen ønsker å styrke det kommunale selvstyret, og flytte mer makt og ansvar til kommunene. Jeg har tillit til at lokalpolitikerne vil finne gode løsninger for kommunevåpen og kommuneflagg i sine kommuner, sier Jan Tore Sanner.

Lovendringen innebærer at den statlige godkjenningsordningen for kommunevåpen og kommuneflagg oppheves, og at ansvaret for dette legges til den enkelte kommunen. Fram til nå har det vært en praksis at kommunenes eget utkast til kommunevåpen og kommuneflagg ble vurdert av Arkivverket og godkjent av Kongen i statsråd.

Endringen innebærer også at kommunestyret og fylkestinget selv har myndighet til å vedta flagg og våpen. Våpen og flagg skal derfor ikke lenger godkjennes av Kongen i statsråd. Arkivverkets vil ha en rolle i å gi oversikt over eksisterende kommunale eller fylkeskommunale våpen på sine nettsider. Kommuner og fylkeskommuner oppfordres til å orientere seg i oversikten før de treffer vedtak, for å unngå forveksling med eksisterende kommunale eller fylkeskommunale våpen eller flagg.

Kommunereformen fører til at over hundre kommuner skal slå seg sammen de neste årene, og de nye reglene vil forenkle arbeidet med å utforme nye kommunevåpen.

– Kommunevåpenet er et viktig samlende symbol i både nye og gamle kommuner. Utforming av kommunevåpen i sammenslåtte kommuner vil bety mye i arbeidet med å bygge ny kultur og identitet, sier statsråd Sanner.

Lovendringen trer i kraft fra 1.januar 2018.

Kommunal- og moderniseringsdepartementets presseteleфon: 22 24 25 00

Kommunal- og moderniseringsdepartementet

TEMA

Kommuner og regioner

RELATERT

- Kommunevåpen og kommuneflagg (http://www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/kommunereform/Nyheter-kommunereform/kommunevapen-og-kommuneflagg/id2558418/)

- Kommunevåpen og kommuneflagg (http://www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/kommunereform/Nyheter-kommunereform/kommunevapen-og-kommuneflagg/id2558418/)
- Prop. 157 L (2016–2017) (http://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-157-l-20162017/id2557810/)

---

Regjeringen.no

Ansvarlig for Kommunal- og moderniseringsdepartementets sider:

Ansvarlig redaktør: Kjersti Bjørgo
Nettredaktør: Ann Kristin Lindaas

Tlf. 22 24 90 90
E-post: postmottak@kmd.dep.no

Ansatte i KMD: Depkatalog

Organisasjonsnummer: 972 417 858

HORNINDAL KOMMUNE

VOLDA KOMMUNE

# SAKSDOKUMENT

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | Berit Lyngstad | Arkivsak nr.: | 2018/114 |
| | | Arkivkode: | |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 5/18 | Fellesnemnd for nye Volda kommune | 01.02.2018 |

**OMSTILLINGSVTALE VED KOMMUNESAMANSLÅING**
**Administrasjonen si tilråding:**
***Fellesnemnda godkjenne omstillingsavtalen slik den ligg føre.***

**Vedleggsliste:**
Omstillingsavtale 1.0

**Samandrag av saka:**
I samband med etablering av ny kommune har Kommunal- og moderniseringsdepartementet utarbeida ein rettleiar som skisserar rammene samanslåinga skal skje innanfor, og i tillegg gje gode råd for omstillingsprosessen.

I rettleiaren går det fram at det kan vere nyttig å utarbeide ei omstillingsavtale som regulerer arbeidsgjevarpolitiske høve i omstillingsprosessen.

Partssamansett utval (PSU) vedtok i møte 09.10.17 å sette i gang arbeidet med ein omstillingsavtale. Ei arbeidsgruppe laga eit første utkast, som vart sendt på høyring 08.12.2017, med høyringsfrist 11.01.2018. Høyringssvara vart diskutert i møte i PSU 16.01.2018.
Det er semje i PSU om den avtalen som ligg vedlagt.

**Saksopplysningar/fakta:**
Rettleiaren frå Kommunal og moderniseringsdepartementet seier:

*«I avtalen kan en omtale medvirkning og medbestemmelse for ansatte, hvordan og når ansatte skal informeres, identifisering av særlig berørte ansatte, organisasjons- og bemanningsplan i den nye kommunen, innplassering i den nye kommunen, omstillingstiltak mv.*
*Omstillingsavtalen kan vedtas av fellesnemnda og slik gi overordnede føringer for hvordan de folkevalgte og rådmennene skal håndtere sitt arbeidsgiveransvar i omstillingsprosessen. Tydelig rollefordeling og stor grad av åpenhet og involvering er viktige forutsetninger for en vellykket prosess».*

Etter vedtaket i PSU 09.10.2017 vart det satt ned ei arbeidsgruppe med deltakarar slik:

| | |
|---|---|
| Norunn Helene Holmøy-Wang | HTV Delta Hornindal |
| Idar Holen | HTV Utdaningsforbundet Hornindal |
| Oddbjørg Yksnøy Rangsæter | HTV Fagforbundet Volda |
| Sirikit Vågen | HTV Utdanningsforbundet Volda |
| Liv Oddrun Ytrebø | personalsjef i Hornindal kommune |
| Berit Lyngstad | personalsjef i Volda kommune |

Avtalen har som føremål å sikre ein føreseieleg omstillingsprosess for alle tilsette, som skal kjenneteiknast av god medverknad frå dei tilsette sine representantar og eit godt samarbeid mellom partane. Avtalen byggjer på Arbeidsmiljølova, Hovudavtalen og Hovudtariffavtalen. I tillegg har intensjonsavtalen av 20. juni 2017 vore førande for nokre av vilkåra i avtalen.

Omstillingsavtalen er meint å gjelde frå den er vedteken i Fellesnemnda til 31.12.2020.

**Helse og miljøkonsekvensar:**
Avtalen vil bidra til eit føreseieleg og godt arbeidsmiljø i begge kommunane

**Økonomiske konsekvensar:**
Punkt 9 Harmonisering av løn kan føre til noko auke på lønsbudsjettet

**Beredskapsmessige konsekvensar:**
Ingen kjende

**Vurdering og konklusjon:**
Ein omstillingsavtale vil vere med å sikre godt samarbeid og medverknad frå dei tillitsvalde. Avtalen vil vidare vere med på gjere ein krevjande omstillingsprosess føreseieleg for dei tilsette. Dette kan igjen bidra til eit godt arbeidsmiljø og at vi beheld kompetanse i heile omstillingsperioden. På den måten vil vi greie å levere eit godt tenestetilbod til innbyggarane i begge kommunane.

**Utskrift av endeleg vedtak:**
Arbeidstakarorganisasjonane i Hornindal og Volda kommune
Rådmannen i Hornindal
Rådmannen i Volda

# OMSTILLINGSAVTALE

# SAMANSLÅING HORNINDAL OG VOLDA KOMMUNE

## 1. Om avtalen

### 1.1 Avtalen sine partar
Denne avtalen er inngått mellom Hornindal kommune og Volda kommune, og arbeidstakarorganisasjonane i dei to kommunane.

Avtalen gjeld verksemdsoverdraging etter arbeidsmiljølova kapittel 16 og supplerar eksisterande lover og avtalar. Avtalen avgrensar ikkje dei rettar og plikter som er forankra i lov, forskrift og det øvrige avtaleverk mellom arbeidsgjevar og dei tilsette sine organisasjonar.

### 1.2 Føremål
Denne avtalen har som føremål å sikre ein føreseieleg omstillingsprosess for alle tilsette, som kjenneteiknast av god medverknad frå dei tilsette sine representantar og eit godt samarbeid mellom partane.

### 1.3 Verkeområde
Denne avtalen gjeld alle tilsette i Hornindal og Volda kommune, både arbeidstakarar og dei som representerar arbeidsgjevar.

## 2. Medråderett og innverknad

### 2.1 Arena for samhandling
For å sikre medråderetten skal arbeidsgjevar opprette gode arenaer for samarbeid med tilsette sine representantar. I sektorvise prosessar skal det vere representantar frå arbeidstakarorganisasjonane. Arbeidsgjevar og arbeidstakarorganisasjonane må gjennom heile prosessen vurdere behov for justering av gamle og oppretting av nye arenaer.

### 2.2 Drøfting
Arbeidstakarorganisasjonane sin medråderett går fram av Hovudavtalen del B, 3-1, og formålsparagrafen §1-4-1. Avgjersler skal i hovudsak ut på høyring og dette skal drøftast med tillitsvalte i arbeidstakarorganisasjonane før dei blir tekne.

### 2.3 Frikjøp av tillitsvalde

For at dei tillitsvalde skal kunne utøve medråderetten sin på ein god måte, må dei få det nødvendige handlingsrommet. Hovudtillitsvalde som er medlem i faste utval skal ha eit fast frikjøp. Frikjøp av denne typen skal vedtakast i Fellesnemnda.

Prosjektleiar/rådmann må etter kvart som midlertidige arbeidsgrupper og delprosjekt blir etablert, finne høvelege verkemiddel, til dømes ytterlegare frikjøp, for at tillitsvalde kan delta i slikt arbeid.

## 3. Informasjon

På generelt grunnlag vises det her til vedteken kommunikasjonsplan for samanslåinga og offisielle kanalar på nettet.

### 3.1 Arbeidsgjevars ansvar

Informasjon er eit leiaransvar.  Dei tilsette skal under heile prosessen bli gitt den informasjon som er nødvendig for å sikre eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø (AML §4-2(3)).

### 3.2 Gjensidig ansvar

Arbeidsgjevar og arbeidstakarorganisasjonane har eit gjensidig ansvar for å informere kvarandre, for å unngå misforståingar, førebygge utryggleik, og sikre gjennomføring av prosessen.

### 3.3 Informasjon skal vere tilgjengelig

Alle referat og protokollar frå vedtaksføre organ og nedsette arbeidsgrupper skal vere tilgjengelege for dei tilsette.

### 3.4 Informasjon til særskild berørte partar

Tilsette som blir direkte berørt, skal gjevast spesiell informasjon. Ved oppretting av arbeidsgrupper eller prosjekt, skal informasjon til grupper av berørte tilsette handsamast særskilt i planlegginga. Sjå også punkt om bemanningsplan.

## 4. Handsaming av ledige stillingar

### 4.1 Omstillingsutval

Det skal opprettast eit utval der ein kan diskutere ledige og vakante stillingar, utlysning av nye stillingar i ny kommune og tilfelle der ein ønskjer å rekruttere eller behalde kompetanse i omstillingsperioden. Utvalet skal bestå av personalsjef i dei to kommunane, og ein hovudtillitsvald frå kvar kommune. Utvalet skal ikkje følgje opp enkeltsaker, men vurdere kva som skal gjerast. Utvalet har ikkje vedtaksmynde.

Når ny administrativ organisering er vedteken og rådmannen si leiargruppe er på plass, bør kvar sektor opprette eit omstillingsutval.

Prosjektleiar er ansvarleg for at utvala blir oppretta.

| *Postadresse:* | *Gateadresse:* | *Telefon:* | *Telefax:* |
| --- | --- | --- | --- |
| Stormyra 2<br>6100  Volda | Stormyra 2 | 70 05 87 00 | 70 05 87 01 |

**4.2 Ved ledige stillingar**
Om ei stilling blir ledig i dei to kommunane, skal saka først diskuterast i omstillingsutvalet. Utvalet skal vurdere om stillinga skal lysast ut eller om behovet kan dekkast på anna måte. Det skal også vurderast om stillinga skal lysast ut i ny kommune, eller i den kommunen som eig stillinga i dag. Personalsjefane er ansvarleg for at vurderinga blir drøfta med rådmann i kommunen(e), slik at ei avgjerd kan fattast.

## 5. Permisjonar

Det skal vere ein restriktiv praksis knytt til å gje permisjonar i omstillingsperioden. Dette gjeld ikkje lovheimla permisjonar, som t.d fødselspermisjon eller sjukepermisjon. Det gjeld heller ikkje velferdspermisjonar eller utdanningspermisjonar. Restriksjonane gjeld spesielt der ein har søkt og fått stilling hos anna arbeidsgjevar.

**Praksis skal utøvast slik:**
a) Leiarar med personalansvar får ikkje permisjon. Om ein leiar går ut i fødsels- eller sjukepermisjon skal det gjerast eigne vurderingar slik at funksjonen og dei han/ho er leiar for, blir ivareteken.
b) Personar i faglege eller administrative nøkkelstillingar får ikkje permisjon. Det kan ved heilt særskilte vurderingar gjerast unntak frå dette. Alle unntak skal handsamst i omstillingsutvalet
c) Permisjonssøknadar frå andre tilsette enn dei som er nemde i pkt 5a og 5b skal handsamast som i dag.

## 6. Bemanningsstrategi

Bemanningsstrategien kan sjåast på som fasar i samanslåinga, som må gjerast på ulike nivå. Alle tilsette vil få ny arbeidsavtale. Det skal utarbeidast ein bemanningsplan og ein kompetanseplan i alle sektorar. Fasane skildra i kapittel 6.1 er eit utgangspunkt. For kvar delprosess skal det sikrast gode prosessar og medverknad frå tillitsvalde.

**6.1 Fasane i samanslåinga**

Overordna nivå:
a) Rådmann og assisterande rådmann i ny kommune vert tilsett av Fellesnemnda
b) Rådmann tilset si leiargruppe og kommunalsjefar i kap 3.4.1
c) Kommunalsjefane innplassera/tilsett leiarar i kap 3.
d) Kommunalsjefar, i samråd med leiarar i kap 3, innplassera/tilsett leiarar i kap 4, samt nøkkelstillingar/stabsstillingar
e) Tilsette som ikkje får endra stillinga si, blir overført til ny arbeidsgjevar

Fase 1: Ny administrativ organisering
a) Ny administrativ organisering er vedteken
b) Rådmannens leiargruppe må på plass
c) Oversikt over kva tilsette dette berørar må kartleggast og leggast fram

d) Dei tilsette som blir direkte berørt har rett på ein samtale med rådmannen
e) Tilsette sin kompetanse, ønskjer og behov må kartleggast
f) Ved store endringar i tilsette sitt ansvar og oppgåver, skal vanlege prosedyre følgjast.

Fase 2: Ny sektororganisering
a) Kommunalsjef er ansvarleg for å få sektororganiseringa på plass
b) Sektoren si leiargruppe må på plass
c) Oversikt over kva tilsette dette berørar må kartleggast og leggast fram
d) Dei tilsette som blir direkte berørt har rett på ein samtale med kommunalsjef
e) Den tilsette sin kompetanse, ønskjer og behov må kartleggast
f) Ved store endringar i tilsette sitt ansvar og oppgåver skal vanlege prosedyre følgjast.

7. **Særavtalar**
Lokale særavtalar inngått av gamal arbeidsgjevar kan ikkje seiast opp som ein konsekvens av kommunesamanslåinga, jmf AML §16-2, men kan av ny arbeidsgjevar likevel seiast opp/reforhandlast etter gjeldande lov- og avtaleverk.

Når det gjeld personalhandbøker, relgement og rutiner forøvrig kan partane gjennom vanlege drøftingar, der ein har sikra god medverknad, gjere naudsynte endringar, tilpasningar og samordningar.

8. **Personlege avtalar**
Dersom tilsette i den nye kommunen må skifte arbeidsstad mellom dei noverande kommunane og vert påført ekstra kostnadar eller reisetid mellom gamal og ny arbeidsstad, skal det verte utarbeidd ein tidsavgrensa kompensasjon.

Prinsipp for ein slik kompensasjon skal fastsettast i eigne drøftingar mellom partane.

9. **Harmonisering av løn**
Arbeidsgjevar skal drøfte prinsipp og prosess for harmonisering av løn med arbeidstakarorganisasjonane. Det skal utarbeidast ein lønspolitisk plan for den nye kommunen, med siktemål harmonisering av løn. Arbeidsgjevar skal dekke harmonisering av løn innafor driftsbudsjettet. Dette for å hindre negativ lønsutvikling for grupper av tilsette.

10. **Justeringar i avtaleperioden**
Etter kvart som samanslåinga og prosessane kjem i gang, kan det kome fram viktige moment som ikkje er omfatta av denne avtalen. Slike moment kan meldast opp av partane til vurdering i PSU, for eventuell handsaming i Fellesnemnda.

11. **Avtaleperiode**
Omstillingsavtalen er gjeldande i perioden (vedtaksdato i Fellesnemnda) til 31. desember 2020.

**12. Signaturar**

Avtalen er signert av rådmannen i Hornindal, rådmannen i Volda, og dei hovudtillitsvalde i begge kommunane.

| | |
|---|---|
| **HORNINDAL** | **VOLDA** |
| **Rådmann** | **Rådmann** |
| Ann Kristin Langeland | Rune Sjurgard |
| **Delta** | **Akademikerforbundet** |
| Norunn Holmøy-Wang | Nina Kvalen |
| **Fagforbundet** | **Delta** |
| Rønnaug Tomasgard | Bodil Egset |
| **Norsk Sykepleierforbund** | **Fagforbundet Volda** |
| May Britt Lillestøl | Oddbjørg Yksnøy Rangsæter |
| **Nito/NaFo** | **Fellesorganisasjonen FO** |
| Anita Brenna Muldsvor | Inger Stine Bjørneset |

*Postadresse:* Stormyra 2 6100 Volda
*Gateadresse:* Stormyra 2
*Telefon:* 70 05 87 00
*Telefax:* 70 05 87 01

| | |
|---|---|
| **Utdanningsforbundet** | **NITO** |
| Idar Holen | Øivind Semb |
| | **Norsk Fysioterapeutforbund/Ergoterapeutforbund** |
| | Synnøve Fuglehaug |
| | **Norsk Sykepleierforbund** |
| | Vydmante Solominiene |

**PS 6/18 Orienteringssaker**

**OS 1/18 Status kulturbyggingsgruppa, v/Odd Harald Sundal**

**OS 2/18 Orientering om interkommunalt samarbeid**

# VOLDA KOMMUNE
## Servicekontoret

Fellesnemnda

| *Arkivsak nr.* | *Løpenr.* | *Arkivkode* | *Avd/Sakshandsamar* | *Dato* |
|---|---|---|---|---|
| 2017/1127 | 16299/2017 | 151 | SVK/ SONHAV | 18.12.2017 |

**MELDING OM POLITISK VEDTAK - ÅRSBUDSJETT 2018 - ØKONOMIPLAN 2018-2021**

Vi melder med dette frå at kommunestyret den 14.12.2017, hadde føre ovannemnde som sak PS 145/17, der det vart gjort slikt oversendingsvedtak til fellesnemnda:

***Kulturlivet vil vere ein svært spennande og viktig del av kommunesamanslåinga. Kommunestyret ber om at Volda kan sette av ressursar til å sørge for at den nye kommunen får ein livskraftig kulturadministrasjon.***

Volda kommune, servicekontoret

Sonja Håvik
førstekonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Kopi til:
Joakim Rødven – møtesekretær fellesnemnda


| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Postadresse: | postmottak@volda.kommune.no | | www.volda.kommune.no | |
| Stormyra 2 | Telefon: | Telefaks: | Org. nr: | Bankgiro: |
| 6100 Volda | | 70058701 | 939 760 946 | 3991.07.81727 |

# VOLDA KOMMUNE
## Servicekontoret

Fellesnemda

| *Arkivsak nr.* | *Løpenr.* | *Arkivkode* | *Avd/Sakshandsamar* | *Dato* |
|---|---|---|---|---|
| 2018/165 | 1168/2018 | 003 | SVK/ SUNUTN | 22.01.2018 |

**MELDING OM POLITISK VEDTAK - VEDTAK I FORMANNSKAPET 16.01.18 - PS 9/18**

Vi melder med dette frå at formannskapet den 16.01.18, hadde føre ovannemnde som sak PS 9/18, der det vart gjort slikt vedtak:

*FSK ber om at Fellesnemda vurderer å søke Utdanningsdirektoratet om at Nye Volda vert språkkommune.*

Sakutgreiinga med vedlegg følgjer vedlagt.

Sunniva Utnes
Volda kommune, servicekontoret

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*


| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Postadresse: | postmottak@volda.kommune.no | | www.volda.kommune.no | |
| Stormyra 2 | Telefon: | Telefaks: | Org. nr: | Bankgiro: |
| 6100 Volda | | 70058701 | 939 760 946 | 3991.07.81727 |

HORNINDAL KOMMUNE

VOLDA KOMMUNE

Bjørke Grendalag v/leiar Svein Magne Homberset Skjåstad (epost)

| *Arkivsak nr.* | *Løpenr.* | *Arkivkode* | *Avd/Sakshandsamar* | *Dato* |
|---|---|---|---|---|
| 2017/1243 | 446/2018 | 001 | SVK/ SONHAV | 08.01.2018 |

**BJØRKE OG NYE VOLDA**

Skisse til vedtak i fellesnemnda i samband med Bjørke-prosessen.

Om Bjørke-området blir ein del av nye Volda:

1. Nye Volda vil overta forpliktingar som Ørsta kommune har i dag i området inklusive planlagd vegutbygging, mobilnett investering, beredskapsbåt m.m. og ansvar for alle kommunale tenestetilbod og ansvarsområde.
2. Volda kommune har i 2018 iverksatt strategi for klimatilpassa asfaltering m.m. av kommunale vegar, dette vil bli utvida til heile nye Volda. Tilsvarande er andre klimaretta tiltak under planlegging og iverksetting.
3. Nye Volda har fått statlege midlar til fiberutbygging som i samarbeid med lokale bedrifter, innbyggarar og organisasjonar, kan gi fibertilgang/høghastigheitnett til alle føretak og bustadar i kommunen. Digitalisering er ein av tre hovudstrategiar for nye Volda.
4. Nye Volda har næringsutvikling som hovudstrategi og vil satse på oppbygging og utviding av rettleiing og anna støtte til etablerarar og føretak, med spesielt fokus på bygdenæringar inklusive reiseliv. Grodås vil vere base for denne verksemda. Nye Volda vil aktivt delta i planlegging og gjennomføring av utviklingstiltak i Hjørundfjordområdet.
5. Nye Volda vil oppretthalde og vidareutvikle Grodås som senter for kommunale tenester for indre del av nye Volda. Dette gjeld kulturtilbod, barnehage, skule, helsesenter, lege, sjukeheim, omsorgsenter, base for heimebaserte tenester m.m. Legeheimlar og helsetilbod (fysioterapi, frisklivssentral) skal fortsatt vere på Helsehuset i Hornindal.
6. Grodås skal stimulerast gjennom å vere lokalt knutepunkt ved bruk av servicetorg, og plassering av publikumsretta og andre tenester som det er naturleg ligg desentraliserte. Ein skal ha representasjon knytt til landbruk, NAV og sosiale tenester.
7. Nye Volda vil oppretthalde fullverdig brannstasjon på Grodås og i tillegg tekniske tenester og infrastruktur ut frå behova for indre del av nye Volda. Lokalt brannvern vil bli oppretthalde.

8. Nye Volda vil samarbeide aktivt med Møre og Romsdal fylkeskommune for å forbetre offentlege kommunikasjonar også for indre del av kommunen.
9. Volda kommune arbeider med arealdelen av kommuneplanen og prosessen vil frå 1.1.2020 omfatte heile kommunen. Det skal arbeidast for løysingar som gjer den nye kommunen til ein reell felles bu og arbeidsregion.

Dette er ei felles tilslutning frå fellesnemnda for nye Volda

Med helsing

Stig Olav Lødemel
leiar fellesnemnda nye Volda

Kopi til:
Ørsta kommune
Kontaktperson for initiativtakarane for søknad om utgreiing av grensejustering,
v/Torbjørn Saure Hoel
Fylkesmannen i Møre og Romsdal

DET KONGELEGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

*Statsråden*

Ifølgje liste

| Dykkar ref | Vår ref | Dato |
|---|---|---|
| | 17/1212-101 | 12. januar 2018 |

KOPI

## Vedtak om grensejustering mellom kommunane Stryn og Hornindal

Eg viser til brev av 19. desember frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane med fylkesmannens utgreiing og tilråding i saka om grensejustering mellom kommunane Stryn og Hornindal, for området Markane (Kjøs krins).

**Bakgrunn**
8. juni 2017 vedtok Stortinget samanslåing av Hornindal og Volda kommunar. Det blei samtidig vedtatt at den nye kommunen skal høyre til Møre og Romsdal.

Departementet gav 4. juli 2017 fylkesmannen i oppdrag å greie ut grensejustering mellom kommunane Stryn og Hornindal, for området Markane (Kjøs krins). Oppdraget blei gitt etter initiativ frå innbyggarar i Hornindal, som fremja søknaden til fylkesmannen i august 2016. Søknaden var støtta av om lag 40 underskrifter frå Hornindal.

Det er 89 innbyggarar i Kjøs krins, noko som utgjer om lag 8 prosent av innbyggartalet i dagens Hornindal. Krinsen utgjer om lag 6 prosent av arealet i dagens Hornindal. Det er to hovudområde med busetnad, Maurset (19 innbyggarar) og Kjøs (70 innbyggarar). Det er ingen kommunale institusjonar i krinsen. Frå alle område i krinsen er det kortast veg til sentrum og tenester i Hornindal, på Maurset er denne forskjellen minst (11,8 km til Hornindal, 14,4 km til Stryn).

Ei spørjeundersøking blant innbyggarane i Kjøs krins gir ikkje eit klart svar på kva kommune innbyggarane ønsker å høyre til, med 52 prosent for Hornindal og 45 prosent for Stryn i krinsen som heilskap (forskjellane er ikkje statistisk signifikante). I Maurset ønsker 92 prosent å høyre til Stryn, mens i Kjøs ønsker 62 prosent å høyre til Hornindal.

Postadresse: Postboks 8112 Dep 0032 Oslo
Kontoradresse: Akersg. 59 Telefon* 22 24 90 90
Org no.: 972 417 858

**Fråsegn frå kommunane**
Kommunestyret i Hornindal fatta 2. november 2017 følgande vedtak:
*Hornindal kommune stiller seg positive til at det vert gjennomført ei grensejustering mellom Hornindal og Stryn kommunar i tråd med eit justert alternativ 2 («Kommunegrense 1») frå innbyggarinitiativet, slik det kjem fram i høyringsuttalen.*

Fellesnemnda for nye Volda slutta seg 16. november 2017 til vedtaket frå Hornindal.

Kommunestyret i Stryn fatta 21. november 2017 følgande vedtak:
*Viser til vurderingane i saksutgreiinga og tilrår at grensa mellom Stryn og Hornindal blir justert når Hornindal blir ein del av Volda kommune. Stryn kommune vil tilrå at grensa blir justert slik at ny grense føl fjellkjeda mot nord mellom Stryn og Hornindal frå Gulkoppen til Kjøsahammaren og noverande grense mellom Eid, Stryn og Hornindal mot sør.*

Sogn og Fjordane fylkeskommune ved Fylkesutvalet fatta 22. november vedtak der mellom anna følgande går fram:
*Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar framlegget om ei justering av kommunegrensa mellom Hornindal og Stryn kommunar, slik at Kjøs grunnkrins inkl. Markane vert ein del av Stryn kommune.*

**Fylkesmannens vurdering**
Fylkesmannen tilrår at departementet vedtar ei grensejustering der heile Kjøs krins blir overført frå Hornindal til Stryn kommune. Tilrådinga inkluderer ei justering i området Klypet – Hildehjellen. Fylkesmannen legg avgjerande vekt på:
- å legge til rette for ei god overordna planlegging og ei funksjonell kommune- og fylkesgrense.
- omsynet til å kunne gi effektive tenester til innbyggarane i heile Kjøs krins i framtida.

Fylkesmannen vurderer at dei økonomiske verknadane som er påviste i saksutgreiinga er klart innanfor det som er forventa løyst gjennom oppgjersreglane og framtidige inntekter og utgifter for nye Volda kommune.

Fylkesmannen har lagt fram forslaga til ny kommunegrense for Kartverket. Kartverket meiner alle alternativa kan leggast til grunn som ny kommunegrense, og at alle alternativa krev ei større eller mindre klarlegging av grenseforløp før dei kan danne ny grense.

**Departementets vurdering**
Kommunal- og moderniseringsdepartementet har vurdert fylkesmannens tilråding og halde møte med kommunane det gjeld. Begge kommunane er einige i at dagens grense ikkje er føremålstenleg, og at det bør gjennomførast ei justering som gjer at grenda Maurset blir flytta frå Hornindal til Stryn. Spørjeundersøkinga viser også at eit klart fleirtal av innbyggarane i Maurset ønsker dette. Departementet er einig i at det er naudsynt med ei justering av grensa, og at området Maurset bør høyre til Stryn.

KOPI

